



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Julie Marie Andersen, 5557 2355

Vår dato
05.11.2014
Dykkar dato
27.06.2014

Vår referanse
2014/8237 561
Dykkar referanse
13/4592

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn – Til konsesjonspliktsvurdering av Storelva Kraftverk - Odelskraft AS

Fylkesmannen i Hordaland meiner at utbygging av Storelva Kraftverk er konsesjonspliktig og det må stillast vilkår av omsyn til sjøaurebestanden. Vidare er det naudsynt å sjå på den samla belastinga av vassdragsnaturen i området jf. naturmangfaldlova §10. Vi meiner at saka bør inkluderast i «småkraftverkpakken» av konsesjonssøknader som skal leggjast fram av NVE neste år.

Vi viser til brev frå NVE datert 27.06.2014, angående søknaden frå Odelskraft AS om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Storelva kraftverk i Masfjorden kommune. NVE ber Fylkesmannen vurdere om tiltaket vil føre til skade eller nemneverdig ulemper for allmenne interesser i vassdraget. Vi er bedt om å vurdere kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldslova §8.

Ved konsesjonsfritak skal påverknad frå røyrgate, veg og andre tekniske installasjonar vurderast som eigen sak etter plan- og bygningslova. Synfaring av området vart gjennomført 01.10.2014.

Planar for utbygging

| | |
|--------------------------------|-------|
| Hovudinntak (moh) | 110 |
| Kraftstasjon (moh) | 24 |
| Lengde røyrgate (m) | 755 |
| Diameter røyrgate (mm) | 900 |
| Nedbørsfelt (km ²) | 4,75 |
| Middelavrenning (l/s) | 655 |
| Alminneleg vassføring (l/s) | 82,8 |
| Minstevassføring (l/s) | 40 |
| Utbyggingspris (kr/KWh) | 3,7 |
| Totalkostnad (mill. kr.) | 13,32 |
| Sommarproduksjon (GWh) | 1,44 |
| Vinterproduksjon (GWh) | 2,16 |
| Årleg middelfproduksjon (GWh) | 3,6 |

I tillegg skal det overførast vatn frå Bulateigjelet til hovudinntaket via ei røyrgate frå eit inntak planlagd om lag på kote 118. Då Storelva er klassifisert som «ikkje årssikker», ønskjer tiltakshavar å sjå bort ifrå krav om alminneleg lågvassføring men foreslår å sleppe ei minstevassføring på 40 l/s.

Vasstrenga

Fylkesmannen meiner at ved ein eventuell utbygging så bør planar om hovudinntak leggst på det nedre alternativet i vasstrengen (på nedsida av dei store steinane), då dette verkar som eit betre alternativ med tanke på naturinngrep ved overføring av vatn frå Bulateigjelet.

Vidare bør dei allmenne interesser og folks oppleving av området vektleggast jf. vassressurslova §8. Det kjem ikkje fram i søknaden at dette er eit område kor der er ferdsel for turgåarar, spesielt på sommaren. Der finnes ein fin liten foss som i seg sjølv bør vektleggast som verdifull, og ein redusert vassføring vil kunne redusere den positive opplevinga av denne.

Fisk

Hopevassdraget (Storelva) er anadromt, og for å ta omsyn til bestanden av sjøaure i vassdraget, må det stillast vilkår:

- Utløp frå stasjonen må over vandringshinderet for anadrom fisk.
- Inntaket må utformast på ein slik måte at gassovermetning ikkje førekjem.
- Det bør monterast omløpsventil, slik at ikkje elva nedstraums blir tørrlagt ved eventuelle utfall i stasjonen.

Naturmangfald

Fylkesmannen har ikkje nokon spesielle merknader til dette punktet så lenge røyrkata blir lagt på høgre side av elva.

Fylkesmannens konklusjon

Av omsyn til anadrom fisk så meiner vi at må det stillast vilkår og tiltaket kan difor ikkje få konsesjonsfritak.

Det kom også fram på synfaring at tiltakshavar har planar om å søke om fleire utbyggingar neste år. Dette er eit område med mykje påtrykk av allereie etablerte kraftverk og nye søknader og den samla belastninga av økosystemet må vurderast jf. naturmangfaldlovas §10. Fylkesmannen rår difor til at handsaminga blir utsatt til 2015 kor den bør bli evaluert som ei konsesjonssak i saman med dei 12 søknadene i «småkraftpakken» NVE skal leggje fram.

Med helsing

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Julie Marie Andersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------|---------------|------|-------------|
| Masfjorden kommune | Kommunehuset | 5981 | MASFJORDNES |
| Odelskraft AS | Postboks 136 | 3120 | NØTTERØY |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |